

Fredag 1. desember blir julegrana tent og da held Aktivitetshusets Damevenner igjen julemarknad på plassen ved grana. Marknaden vart ein stor suksess i fjor.

- Det er nesten blitt eit krav at dette må bli ein tradisjon, seier Anita Enæs til uskedalen.no. Damevennene er allereie kontakta av fleire som vil ha salsboder på marknaden, men har plass til fleire.

- Og kvar skal dei henvende seg?

- Alle som har lyst til å vera med enten ved å ha salsbod etter bidra med underhaldning, må ta kontakt med Klara på Zjakk frisørsalong eller Gunn Mari på Spar.

Alle friviljuge som har lyst til å vera med og hjelpa til med julemarknaden er også hjarteleg velkomne til å ta kontakt. Vi kjem med fullt program for arrangementet seinare, lovar Anita.

Aktivitetshusets Damevenner har også hatt trekking av gevinstane på dei fire loddøkene dei har hatt liggjande ymse stader og vinnarane er desse:

1. Bestikk: Tordis Myklebust, Uskedalen.
 2. Strikka, stort sengeteppe: Solveig og Jan Erik Olson, Uskedalen.
 3. Fotkrem/fotfil: Emil Bakke Berntsen, Uskedalen.
 4. Smykke: Kjell Martin Håvik, Rosendal.
 5. Dåpskjole til dukke: Tordis Skjulestad, Halsnøy.
 6. Kantklippar: Gunvor Myklebust, Uskedalen.
 7. Toalettveske: Kristian Øvstebø, Uskedalen.
- Av Ola Matti Mathisen